

Radøy kommune
Jan Torry Sande
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
16/23 - 11 / AH / 224

Dato:
08.09.2016

Svar på spørsmål om deponering av arkiv og besøk i kommunen

Hei, eg har høve til å kome på besøk i veke 38, både tysdag og torsdag er ledige. Så vi kan godt seie at eg kjem utover tysdag 20. september. Då prosjektet er over er det i all hovudsak rettleiing IKAH kan bistå med.

Når det gjeld å få oversikt over kva som skal gjerast er det viktig at du prøvar å samle alt (ikkje tenk på kassasjon). Særleg det som er på loftet må flyttast ned. Det er flott at du har lest rapporten da veit du litt om krava vi set før dette arkivet kan deponerast hjå oss. Eg tilrår difor at du samlar og stiller opp arkivet som skal deponerast før eg kjem, så kan vi sjå nærare på kva som er aktuelt for deponering.

Når det gjeld deponeringslister for arkivet i tidsrommet 1965-1985 legg eg ved eit døme.

Radøy skal også deponere arkiva etter overformynderiet. Når det gjeld prosedyrar for klargjering av dette arkivet er prosedyren heilt annleis. Eg sender difor med rettleiaren for deponering av overformynderiet, og det er viktig at prosedyrane for dette vert fulgt.

Berre ta kontakt om noko er uklårt!

Med venleg helsing

Anita Haugen Lie
Rådgevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

RETTLEIAR

OVERFORMYNDERIET

Avleveringsliste 1965 - 1985

1332227

08.09.2016